

---

**Fra:** Laila Bjørge  
**Sendt:** 1. desember 2015 11:41  
**Til:** 'Mostad, Kari Beate'  
**Emne:** SV: Behov for SMIL 2016 - HASTER

Hei

Me skal laga ny strategi for 2016, men er ikkje komen i gang med dette enno. Vil nok vidareføra hovedpunkt frå førre, då det framleis er mykje u gjort.

Erfaringane frå dei siste åra er at det er stor pågang av søkjurar. Me har mange nye bønder som set nedlagte bruk i stand att, og ofte er det skjøtsel av landskapet som er lettast å starta med. Fleire store satsingar på sau har medført større behov for beiteareal og mykje gammal beitemark vert tatt i bruk att. Tilskot til gjerding og rydding er difor stort behov for.

Det er aukande interesse for llyngheskjøtsel, noko som er positivt fordi det er ein utvalgt naturtype. Fleire nye bønder som har hatt Mons Kvamme på synfaring og planlegg skjøtsel. Lite midlar til å følgja opp dette i 2015, som me har bede dei koma med søknader til neste år. Tilskot til andre biologisk mangfaldstiltak er og etterspurt.

Det er aukande interesse for å ta vare på tørrmurte element i kulturlandskapet, både bakkemurar, steingardar og murte kanalar. Dette er kostnadskrevjande, men veldig viktige tiltak.

Kommunen satsar mykje på skilting/rydding av ferdsselsvegar/ stiar. Me treng SMIL midlar til t.d gjerdekliv, sjølvlukkande grinder og liknande for dei stiane til utmark som går over innmark, for å redusere konfliktar mellom landbruk og friluftsliv.

Me treng minst 230 000 for mange aktive SMIL-bønder.

For Modalen vonar eg at me kan få framleis 30 000. Ingen konkrete prosjekt pr.no men har mellom anna diskutert setervollar og mulig skjøtseltiltak

Venleg helsing

**Laila Bjørge**

Landbruksjef i Meland og Modalen



Meland kommune  
Tenesteområde Plan, Utbygging  
og Kommunalteknikk  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

[laila.bjorge@meland.kommune.no](mailto:laila.bjorge@meland.kommune.no)

Sentralbord 56 17 10 00 direkte  
56171185, mob 957 35405

---

**Fra:** Mostad, Kari Beate [<mailto:fmhokmo@fylkesmannen.no>]

**Sendt:** 1. desember 2015 08:31

**Emne:** Behov for SMIL 2016 - HASTER

Hei

Eg kan ikkje sjå å ha mottatt stipulert behov for SMIL -midlar i 2016 frå din kommune.

Ber om at de sender dette i dag, innan kl. 10.00.

Vennleg helsing

Kari Mostad

Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland

Landbruksavdelinga

Tlf: +4755572153